

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Personal og økonomiutvalet	
Møtestad:	kommunehuset	
Møtedato:	14.11.2005	Tid: 08.00-15.00
	15.11.2005	Tid: 08.00-14.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 5, inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møta:

Adm.sjef Ramsli, ass.adm.sjef Våge og kommunekasserar Eikestad. Personalsjef Boge var til stades under sak 40/05, den 14.11.05.

Merknader: Adm.sjef og ass.adm.sjef var ikkje tilstades under handsaminga av sak 40/05, den 14.11.05.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 22. november 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Elin Liøen bad om ei orientering om startlån. Adm.sjefen orienterte om at kommunen vidareformidlar desse låna frå husbanken. I Samnanger får stort sett dei som søker om dette eit lån på ca. kr. 250.000. Kommunen har risikoen på desse låna og får oftast lågast prioritet på desse låna. Låna kan og verta nytta til refinansiering.

Helge Reistad stilte spørsmål om vedtaket i 2005 om opptak av skulelån. Adm.sjefen orienterte om at dette står for tur, og at det av kapasitetsmessige grunnar ikkje har vorte gjort tidlegare.

John Magne Bøgevik bad om å få ei orientering om biblioteksjefen si oppseiing, jfr. Samningen. Adm.sjefen orienterte om at hovudgrunnen til at biblioteksjefen har sagt opp stillinga si er at me ikkje har kunne imøtekoma ønskje hennar om å få utvida stilling frå 75 % stilling til 100% stilling. Bibliotekplanen som og vart trekt fram i avisinlegget har administrasjonen ikkje funne rom for å kunne prioritere framfor kommuneplan, plan for ytre Tysse og andre oppgåver.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**DAG 1 – 14.11.05**

1. Ordføraren orienterte om møte i Vestlandsrådet. Fleire av dei største kommunane deltok ikkje, og det vidare arbeidet vart difor noko uklart. Pø slutta seg difor til å ikkje prioritere å gje uttale på dette no.
2. Ordføraren orienterte om at ho og varaordføraren har delteke på møte i Oslo vedk. direkte ordførarval. Det er signal om at dette vil verta ei frivillig ordning i kommunane.
3. Eikestad orienterte om momskompensasjon. Bakgrunnen for dette er at Samnanger kommune har vorte trekt for ein større sum i rammetilskotet for 2004 enn me faktisk har fått refundert. Dette til tross for lovnad om full kompensasjon. I etterkant, dvs. i oktober i år vart det først orientert om at lovnaden om full kompensasjon galdt primært driftstiltak. Samnanger kommune hadde relativ store investeringsutgifter det året staten la til grunn for uttrekket av rammetilskotet. Når me i 2004 har små investeringar, slår det ut i at me har eit meiruttrett i rammetilskotet på 417.000 kroner som me ikkje får kompensert.

DAG 2 – 15.11.05

4. Utvalet drøfta og gjekk igjennom føremålet med det ”politiske kvarteret” i dei politiske møta. Utvalet slutta seg til følgjande punkt i tråd med den opphavlege føremålet kvarteret:
 - Offentleg spørjetid, informasjonsutveksling t.d frå styre/råd/utval/pol.gruppe mellom medlemmene i kommunestyret
 - Uformell del av møtet- dvs. går ikkje inn i kommunestyret sitt formelle møte
 - Kan ikkje ta opp saker som står på sakskartet
 - Tidsavgrensa til kvarteret
 - Viser elles til interpellasjon og grunngjeve spørsmål

5. Utvalet drøfta at det må verte sett av ressursar i budsjettet for 2006 til kommuneplanarbeidet.
6. Pø vart samd om at prosjektgruppa sitt første møte med kommuneplanen vert 07.12.05. Dette for å starte opp neste fase i kommuneplanarbeidet.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0038/05	05/00374 KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2006
0039/05	05/00405 GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR 2006
0040/05	05/00329 LØNSFASTSETJING FOR ADM.SJEF OG ASS.ADM.SJEF 2005
0041/05	05/00122 BUDSJETT 2006.
0042/05	05/00404 ØKONOMIPLAN 2006 - 2009
0043/05	05/00308 TILSKOT TIL MÅL - HANDBALLGRUPPA I SAMNANGER IDRETTSLAG.
0044/05	05/00212 MOMSKOMPENSASJON - BUDSJETTJUSTERING SOM FYLGJE AV MANGLANDE REF.
0045/05	05/00405 GODTGJERSLA TIL POLITIKARAR 2006.

0038/05

KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2006

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune vedtek kommunale avgifter og gebyr for 2006 slik som dei ligg føre i saksutgreiinga.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune vedtek kommunale avgifter og gebyr for 2006 slik som dei ligg føre i saksutgreiinga.

0039/05

GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR 2006

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i møte:

Bright Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg: "Ordførar si godtgjersle vert auka med 2,5% til kr. 410.000 pr. år frå 01.01.06. Vedtaket får ikkje verknader for andre godtgjersler til folkevalde." Grunnlaget for prosentsatsen var gjennomsnittleg lønsauke i kommunane. Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ordførar si godtgjersle vert auka med 2,5% til kr. 410.000 pr. år frå 01.01.06. Vedtaket får ikkje verknader for andre godtgjersler til folkevalde .

0040/05

LØNSFASTSETJING FOR ADM.SJEF OG ASS.ADM.SJEF 2005

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i møte:

Adm.sjef og ass. adm.sjef gjekk i frå under handsaming av saka.

Fellesframlegg: "Adm.sjef si løn verta auka med kr. 11.375,-. Ass.adm.sjef si løn vert auka med kr. 10.875,-. Tillegga får verknad frå 01.05.05"

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Adm.sjef si løn vert auka med kr. 11.375,-. Ass.adm.sjef si løn vert auka med kr. 10.875,-. Tillegga får verknad frå 01.05.05.

0041/05

BUDSJETT 2006.**Handsaming i møte:**

Før utvalet starta arbeidet med budsjettet orienterte administrasjonssjefen om at Samnanger kommune har fått kr. 453.000 meir i rammetilskot enn det som ligg i budsjettframlegget frå adm.sjefen.

Utvalet gjekk igjennom budsjettframlegget dag 1, og drøfta ulike problemstillingar i driftsbudsjettet og kapitalbudsjettet.

Etter vidare drøftingar dag 2 vart det fremja følgjande framlegg til endringar i administrasjonssjefen sitt utkast til driftsbudsjettet:

Rammetilskot og skatteinntekter vert korrigert i samsvar med regjeringa Stoltenberg sitt framlegg. Det medfører ei samla meirinntekt på kr 453.000.

Helge Reistad sette fram følgjande framlegg: ” Kr. 70.000 vert lagt inn i budsjettet for 2006 til driftstilskot for 100% fysioterapeut”.

Marit Aase sette fram følgjande framlegg: ” Kr. 90.000 vert sett av til konsulentstilling til kommuneplanarbeid i 50% stilling i 2006. Stillinga vert i tillegg finansiert med kr. 80.000 avsett på administrasjonssjefen sitt kapittel + kr. 30.000 med fondsmidlar frå arealdelen.”

Marit Aase sette fram følgjande framlegg: ” Kr. 363.000 vert sett av på tilleggsøyvingskontoen. ”

Det vart først røysta over framlegget til Reistad. Framlegget fekk 1 røyst, 4 røysta mot. Deretter vart det røysta over framlegget til Aase, som vart vedteke med 4 mot 1 røyst. Aase sitt framlegg om å avsette kr. 363.000 på tilleggsøyvingane vart samrøystes vedteke. Til slutt vart det røysta over driftsbudsjettet med dei vedtekne endringane, som vart samrøystes vedteke.

Etter vidare drøftingar dag 2 vart det fremja følgjande framlegg til endringar i kapitalbudsjettet i høve til administrasjonssjefen sitt utkast:

John Magne Bøgevik sette fram følgjande framlegg: ” Det vert føreslått at vedtak i kommunestyret sak 15/04 – vedlikehald Solli, vert oppheva. Eigedommen vert lyst ut for sal evt. etter rehabilitering. Salssummen vert tilført kapitalfondet.”

Brigt Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg: ”Administrasjonen førebur ei sak til kommunestyret om å rehabilitera kommunehuset utvendig. Særleg er det viktig å få skifta vindauge. Saka må innehalda ein tilstandsrapport med kostnadsoverslag. Det må greiast ut om tiltaket må/kan lånefinansierast.”

Brigt Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg: ”Administrasjonen greier ut ei sak til kommunestyret om å få leggja fast dekke på dei kommunale vegane på nytt. Slik

prioriteringane har vore og er for vegvedlikehald, vil det truleg ta minst ta 100 år frå ein veg får fast dekke til det kan ventast at han vert asfaltert på nytt.

For ein del av vegane eller deler av dei er det trong for å utbetra dårlege murar og løfta bæreevna. Slike tiltak må gjerast før desse strekkjene vert asfaltert.

Med tilstanden på mange av dei kommunale vegane vert det svært vanskeleg å halde vintervedlikehaldet på eit forsvarleg nivå. Med oppmodinga om å køyra piggfritt, er det viktig at sidevegane og har god vinterstandard.

Kommunestyret vil difor vurdere å ta opp lån for å få reasfaltert mesteparten av dei kommunale vegane på ein gong.”

Marit Aase sette fram følgjande framlegg: ”Tiltak Ytre Tysse vert styrka med kr. 25.000,- for å gje rom for ”strakstiltak utarbeiding av plan for serviceskilting”. Tiltaket vert finansiert ved bruk av næringsfondet.”

Marit Aase sette fram følgjande framlegg” Administrasjonen førebur ei sak til kommunestyret med tanke på å få eit nøyaktig kostnadsoverslag for å få utbetra råteskadane i sakristiet i kyrkja på Ådland. Andre bygningsmessige tiltak kyrkjestyret har peika på må og vurderast. Dette med tanke på at Samnanger kommune kan ta opp lån m/rentekompensasjon for kyrkjebygg”

Votering

Det vart røysta over framlegget til Bogevik . Framlegget vart ikkje vedteke (1 for 4 mot)

Det vart røysta over framlegget til Aase, tiltak på ytre Tysse, som vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over framlegget til Gåsdal om vedlikehald på kommunehuset , som vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over Gåsdal sitt framlegg om vegvedlikehald, som vart vedteke med 4 mot 1 røyst.

Deretter vart det røysta over framlegget til Aase om vedlikehald på Kyrkja, som vart vedteke med 4 mot 1 røyst.

Til slutt vart det røysta over kapitalbudsjettet med dei vedtekne endringane. Utvalet var her samrøystes.

Vedtak:

Driftsbudsjettet for 2006 er vedteke slik det ligg føre frå administrasjonssjefen dagsett 01.11.2005 med følgjande endringar;

- ✓ Skatt og rammetilskot vert justert i samsvar med regjeringa Stoltenberg sitt framlegg til statsbudsjett. Netto auke på kr 453.000.
- ✓ Kr. 90.000 vert sett av til konsulentstilling til kommuneplanarbeid i 50% stilling i 2006. Stillinga vert i tillegg finansiert med kr. 80.000 avsett på administrasjonssjefen sitt kapittel + kr. 30.000 med fondsmidlar frå arealdelen.
- ✓ Kr. 363.000 vert sett av på tilleggslyvingskontoen.

Kapitalbudsjettet for 2006 er vedteke slik det føre med følgjande endringar/tillegg:

- ✓ Administrasjonen førebur ei sak til kommunestyret om å rehabilitera kommunehuset utvendig. Særleg er det viktig å få skifta vindauge. Saka må innehalda ein tilstandsrapport med kostnadsoverslag. Det må greiast ut om tiltaket må/kan lånefinansierast.
- ✓ Administrasjonen greier ut ei sak til kommunestyret om å få leggja fast dekke på dei kommunale vegane på nytt. Slik prioritering har vore og er for vegvedlikehald, vil det

truleg ta minst ta 100 år frå ein veg får fast dekke til det kan ventast at han vert asfaltert på nytt.

For ein del av vegane eller deler av dei er det trong for å utbetre dårlege murar og løfta bæreevna. Slik tiltak må gjerast før desse strekkjene vert asfaltert.

Med tilstanden på mange av dei kommunale vegane vert det svært vanskeleg å halde vintervedlikehaldet på eit forsvarleg nivå. Med oppmodinga om å køyra piggfritt, er det viktig at sidevegane og har god vinterstandard.

Kommunestyret vil difor vurdere å ta opp lån for å få reasfaltert mesteparten av dei kommunale vegane på ein gong.

- ✓ Tiltak Ytre Tysse vert styrka med kr. 25.000,- for å gje rom for ”strakstiltak utarbeiding av plan for serviceskilting”. Tiltaket vert finansiert ved bruk av næringsfondet.
- ✓ Administrasjonen førebur ei sak til kommunestyret med tanke på å få eit nøyaktig kostnadsoverslag for å få utbetra råteskadane i sakristiet i kyrkja på Ådland. Andre bygningsmessige tiltak kyrkjestyret har peika på må og vurderast. Dette med tanke på at Samnanger kommune kan ta opp lån m/rentekompensasjon for kyrkjebygg.

0042/05

ØKONOMIPLAN 2006 - 2009

Handsaming i møte:

Administrasjonssjefen orienterte om utkastet til økonomiplan der driftsbudsjettet viser eit mindre overskot for åra 2007 – 2009 når det er korrigert for regjeringa Stoltenberg sitt framlegg til statsbudsjett. Dette er gjort ved at framlegg til årsbudsjett for 2006 er lagt inn i heile planperioden. Det inneber at det ikkje er sett av midlar til m.a. utvida barnehagedrift, auka klassetal på Nordbygda skule.

Personal- og økonomiutvalet legg til grunn administrasjonssjefen sitt utkast, men har nytta overskotet i siste del av perioden til å styrka lønspostar med tanke på å gje utvida barnehagetilbod.

Når det gjeld kapitalbudsjettet i økonomiplanen, er fleire av tiltaka ikkje kostnadsrekna, noko som gjer det vanskeleg å få fram ein god økonomiplan. Utvalet valde derfor å la ein del tiltak stå utan sum i økonomiplanen, men med ein kommentar om at det skal utarbeidast kalkylar for tiltaka.

Utvalet drøfta og desse punkta:

- ✓ Ein vil komme tilbake med konkrete marknadsføringstiltak i samband med arbeidet med kommuneplanen.
- ✓ Tilkomst til byggjefelt på Stølen må etablerast, gjerne i samband med vidare planarbeid for bustadfelt i området.
- ✓ Idrettshall vart vurdert, og det vert forventa at vidare drøfting vil skje gjennom arbeidet med kommuneplan.

Det var først røysta over økonomiplanen sitt kapitalbudsjett i planperioden, som vart samrøystes vedteke. Deretter vart det røysta over økonomiplanen sitt driftsbudsjett i plan - perioden, som og vart samrøystes vedteken.

Økonomiplanen vart samrøystes vedteke slik den ligg føre.

Vedtak:

ØKONOMIPLAN SAMNANGER KOMMUNE 2006 - 2009
HOVEDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT

TEKST	KOSTRAART	2005	2006	2007	2008	2009
Driftsinntekter						
Brukerbetaling	600-619	4 619	4 488	4 488	4 488	4 488
Andre salgs- og leigeinntekter	620-679	6 688	7 214	7 214	7 214	7 214
Overføring med krav til motytingar	700-779	10 422	8 315	8 316	8 316	8 316
Rammetilskot frå staten	800	27 933	31 476	31 476	31 476	31 476
Andre statlege tilskot	810-819	3 405	3 600	3 600	3 600	3 600
Andre overføringar	830-859/880-899	2 350	2 900	2 900	2 900	2 900
Inntekts og formuesskatt	870-873	42 632	45 127	45 127	45 127	45 127
Eigedomsskatt	874-876	4 139	4 822	4 822	4 822	4 822
Andre direkte og indirekte skatter	877-879	823	823	823	823	823
Sum driftsinntekter		103 011	108 765	108 766	108 766	108 766
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	010-089+(160-169)	57 132	58 192	58 102	58 102	58 102
Sosial utgifter	090-099	14 981	15 940	15 940	15 940	15 940
Kjøp av varer og tj. Inngår i prod.	100-289-(160-169)	13 097	11 724	11 724	11 724	11 724
Kjøp -v. og tj. som ertatter eigenprod.	300-399	3 438	5 671	5 671	5 671	5 671
Overføringar	400-490	7 882	10 336	9 892	9 978	10 488
Avskrivningar	590	4 338	4 349	4 349	4 349	4 349
Fordelte utgifter	690-699 med fl.					
Sum driftsutgifter		100 868	106 212	105 678	105 764	106 274
Driftsresultat		2 143	2 553	3 088	3 002	2 492
Finansinntekter						
Renteinntekt og utbytte	900-909	596	605	605	605	605
Mottekne avdrag på lån	920-929	50	50	50	50	50
Sum eksterne finansinntekter		646	655	655	655	655
Finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostn.	500-509	3 495	1 947	2 370	2 221	2 073
Avdrag på lån	510-519	3 609	4 325	4 386	4 449	4 087
Sosial- og næringslån	520-529	50	50	50	50	50
Sum eksterne finansutgifter		7 154	6 322	6 806	6 720	6 210
Resultat eksterne finanstransaks.		6 508	5 667	6 151	6 065	5 555
Motpost for avskrivningar	990	-4 338	-4 349	-4 338	-4 338	-4 338
Res. Før int. transaksj.(netto dr.res)		27	-1 235	-1 275	-1 275	-1 275
Interne finans transaksjonar						
Bruk av udisponert frå tidl. År	930	1052	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	940-947	836	109	69	69	69
Bruk av bundne fond	950-959	1019	200	200	200	200
Bruk av likviditetsreserve	960	0	0	0	0	0
Sum bruk avsetningar		2907	309	269	269	269
Overført til kapitalrekneskapen	570	1183	100	100	100	100
Avsatt til dekking frå tidl. År (underskot)	530	0	0	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	540-547	617	0			
Avsett til bundne fond	550-559	1080	1444	1444	1444	1444

Avsett til likviditetsreserven	560	0	0	0	0	0
Sum avsettingar		2880	1544	1544	1544	1544
Udisponert (overskot)	580	0	0	0	0	0
til dekking seinare år (underskot)	980	0	0	0	0	0
Resultat etter interne finanstransaksjonar		0	0	0	0	0

Økonomiplan 2006-2009

Kapitalbudsjettet

Tiltak	2006	2007	2008	2009	Merknader
Vassforsyning					
Indre Tysse	300				
Ådland - til kyrkja		500			
Ytre Tysse	300	50			
Rolvsvåg	200	3200			
Kloakk					
Ytre Tysse	2700				
Indre Tysse			300	1000	
Kommunale bygningar					
Kommunehuset	300	300	300		
Prestebustad			1000		
Heis kommunehuset		500			
Heis Samnanger ungdomsskule			500		
Barnehage					
Planlegging	400				
Bygning	4600				
Samnangerheimen					
Etablering av "sansehage"	150				
Vegar					
Trafikksikringstiltak i samsvar med plan	50	50	50	50	
Utbetring av vegar inkl. fast dekke	300	300	300	300	
Adressering - skilting	100	100	100		
Marknadsføring av kommunen					
Skiltplan for servisskilt		100			
Industriområdet Rolvsvåg					
Planlegging og vidare tilrettelegging					1.
Bustadområde - planlegging					
Vidare utbygging Lønnebakken		150			
Område i Nordbygda					2.
Ytre Tysse					
Planlegging	300				
Tiltak i nærmiljøet - minnepark, miljøgatetiltak, kai m.m	225				3.
Eikedalen					
Kommunal medverknad VA					4.
Bu og dagsenter for personar med nedsett funksjonsevne					
Dagsenter		3000			5.
Bustader - kommunal kostnad					
Kyrkja					
Reiskapshus					6.
Brannsikring					
Bustader for vanskelegstilte					
Bustadpolitisk plan		100			

1. Første del av planlegging vert samordna med planlegging av vassverket. Vidare planlegging og evt. tilrettelegging vert handsama deretter.
2. Tiltaket vert evt. samordna med plan for funksjonshemma. Midlar til det er sett av på 2005-budsjettet.
3. Gjennom planlegginga i 2006 vil me få fram tiltaka som skal gjennomførast i planperioden.
4. Det er fleire prosessar på gang i Eikedalen for å få vurdert kva løysingar som finnast for vatn, avlaup og interne vegar (gang- og sykkelvegar). Kommunal medverknad i tilrettelegging av infrastruktur vil takast opp som eigne saker.
5. Arbeid med plan for personar med nedsett funksjonsevne er i slutfasen. Det ligg ikkje føre kalkyle over kommunal kostnad korkje for dagsenterdelen eller for bustaddelen, noko som må vurderast før framlegging av planen.
6. Det vert vist til personal- og økonomiutvalet sitt vedtak i budsjett 2006

0043/05

TILSKOT TIL MÅL - HANDBALLGRUPPA I SAMNANGER IDRETTLAG.

Framlegg til vedtak::

Oppvekst og omsorg ser svært positivt på at det vert gjort forsøk på å få til handballmiljø i Samnanger. Oppvekst og omsorg meiner dei må få 2 handballmål og ber kommunestyret å finna midlar til dette.

Handsaming i møte:

Fellesframlegg:” Samnanger kommune er svært positiv til dette tiltaket. Søknaden vert diverre ikkje imøtekomen då det ikkje er midlar igjen på kulturbudsjettet eller på tillegssløyvingskontoen.

Støtte til idrettsaktivitet vert årleg gjeve gjennom kulturmidlar. Søknader om tilskot til denne typen idrettsaktivitet må gå gjennom idrettslaget sitt hovudstyre.”

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune er svært positiv til dette tiltaket. Søknaden vert diverre ikkje imøtekomen då det ikkje er midlar igjen på kulturbudsjettet eller på tillegssløyvingskontoen. Støtte til idrettsaktivitet vert årleg gjeve gjennom kulturmidlar. Søknader om tilskot til denne typen idrettsaktivitet må gå gjennom idrettslaget sitt hovudstyre.

0044/05

**MOMSKOMPENSASJON - BUDSJETTJUSTERING SOM FYLGJE AV
MANGLANDE REF.**

Framlegg til vedtak::

Tidlegare vedtak i kommunestyret sak 18/05 kva gjeld mva- kompensasjon vert oppheva. Det vert føreteke fylgjande budsjettendringar:

Konto nr. 1.9002.8800.5400 vert sett ned med kr. 417.000 til kr. 200.000,-.

Konto nr. 1.9000.8400.8001 vert sett ned med kr 417.000 til kr.0

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Tidlegare vedtak i kommunestyret sak 18/05 kva gjeld mva- kompensasjon vert oppheva. Det vert føreteke fylgjande budsjettendringar:

Konto nr. 1.9002.8800.5400 vert sett ned med kr. 417.000 til kr. 200.000,-.

Konto nr. 1.9000.8400.8001 vert sett ned med kr 417.000 til kr.0.

0045/05

GODTGJERSLA TIL POLITIKARAR 2006.

Handsaming i møte:

Fellesframlegg: ” Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune vert teke opp til revisjon i løpet av våren 2006.

Godtgjersle til varaordførar vert sett til kr. 20.000 pr. år frå 01.01.06.”

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune vert teke opp til revisjon i løpet av våren 2006.

Godtgjersle til varaordførar vert sett til kr. 20.000 pr. år frå 01.01.06